

KI-notat nr.: 3/2013 - Bakgrunn for vedtak

Søklar/sak:	Lerøy Midnor AS/Søknad om konsesjon for uttak av vatn og regulering av Heimsvatnet	
Fylke/kommune:	Sør-Trøndelag/Hemne	
Ansvarleg:	for Gry Berg	Sign.: <i>Eivind Hagen</i>
Sakshandsamar:	Bård Ottesen	for Sign.: <i>Aven Kolløy</i>
Dato:	23 JAN 2013	
Vår ref.:	NVE 201201376-20	
Sendast til:	Søklar og alle som har uttala seg til saka	

Middelthuns gate 29
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO
Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no
Org. nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
0827 10 14156

Søknad om løyve til uttak av vatn og regulering av Heimsvatnet i Hemne kommune, Sør-Trøndelag fylke

Innhald

Samandrag	1
Søknad	2
Høyringsuttalar	3
Søklar sine kommentarar til høyringsuttalane	4
Tilleggsopplysningar og kommentarar til desse	4
Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) sine merknader	4
NVEs vurdering	6
NVEs konklusjon	9

Samandrag

Tiltaket ligg i Hemne kommune i Sør-Trøndelag. Lerøy Midnor AS nyttar i dag Heimsvatnet som vasskjelde til produksjon av settefisk ved sitt anlegg på Belsvik, og har eit uttak på ca. 9,85 m³/min i gjennomsnitt. Uttaket har ikkje konsesjon etter vassressurslova. Lerøy Midnor skal utvide produksjonen av settefisk frå 1 mill stk. smolt til 14 mill smolt med ei snittvekt på ca. 80 gram, som tilsvarar 1120 tonn. Overgang til resirkuleringsteknologi gjer at utvidinga ikkje vil føre til auka uttak av vatn. Det vert søkt om løyve etter vassressurslova § 8 til eit gjennomsnittleg vassuttak på 3 m³/min (50 l/s) og eit maksimalt vassuttak på 13 m³/min (216,7 l/s). Det vert også søkt om å regulere Heimsvatnet 1 m, mellom HRV på kote 44,9 og LRV på kote 43,9. Dette tilsvarer dagens regulering av vatnet. Det skal sleppast ei minstevassføring tilsvarande alminneleg lågvassføring på 3,48 m³/min (58 l/s) heile året. Det er planar om å byggje ny dam ved utløp av Heimsvatnet, men ut over dette skal det ikkje gjerast nye inngrep i vassdraget. Eksisterande røyrgate skal nyttast, og det vert ikkje bygd nye vegar. Eksisterande fiskesperre er fjerna.

Hemne kommune kan ikkje sjå at det omsøkte tiltaket vil få negative konsekvensar for allmenne interesser eller naturmangfald ut over dagens situasjon. Kommunen rår til at søknaden frå Lerøy Midnor AS vert godkjend.

Fylkesmannen i Sør-Trøndelag meiner at det vert tatt omsyn til naturverdiane i vassdraget og at forholda for vassdragsøkologien vert betra. Fylkesmannen meiner at det kan gjevast konsesjon.

Oppsummering

NVE ser positivt på at dagens vassuttak vert formalisert gjennom ein konsesjonsprosess. NVE vurderer at overgang til eit resirkuleringsanlegg, med mindre regulering av Heimsvatnet og slepp av minstevassføring, vil vere positivt for verdiar knytt til biologisk mangfald, landskap og friluftsliv. Med ein produksjon av 14 mill. smolt vil anlegget gi eit betydeleg bidrag til produksjon av smolt i regionen/landsdelen. NVE meiner at det verken i søknaden eller i høyringsuttalane er kome fram noko som tilseier at tiltaket vil ha vesentlege ulemper for allmenne eller private interesser.

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne uttalane meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Lerøy Midnor AS løyve etter vassressurslova § 8 til regulering og uttak av vatn frå Heimsvatnet. Løyvet vert gjeve på nærare fastsette vilkår.

Søknad

NVE har motteke følgjande søknad frå Lerøy Midnor AS, datert 22.02.2012:

"Lerøy Midnor AS, avd. Belsvik Settefisk ønsker å utnytte vannet i Heimsvatnet, Hemne kommune, Sør-Trøndelag, og søker herved om følgende tillatelser:

Etter vannressursloven, jf. § 8, om tillatelse til:

- 1. Uttak av vann fra Heimsvatnet til settefiskproduksjon med tilgrensende aktivitet (snitt 3,0 m³/min, maks: 13 m³/min)*
- 2. Å beholde dagens regulering av Heimsvatnet mellom HRV på kote 44,9 og LRV på kote 43,9.**

Nødvendig opplysninger om tiltaket fremgår av vedlagte utredning."

* Etter ny innmåling av naturleg vasstand i Heimsvatnet har Lerøy Midnor i e-post 04.12.2012 korrigert reguleringshøgden til å gjelde HRV kote 44,9 og LRV kote 43,9.

Belsvik settefiskanlegg, hovuddata

TILSIG

Nedbørfelt	km ²	10,6
Årleg tilsig til inntaket	mill.m ³	13,0
Spesifikk avrenning	l/s/km ²	39
Middelvassføring	l/s	413
Alminneleg lågvassføring	l/s	58
5-persentil sommar (1/5-30/9)	l/s	53
5-persentil vinter (1/10-30/4)	l/s	64

VASSUTTAK

Inntak	moh.	37	
Avlaup	moh.	5	
Lengde på berørt elvestrekning	km	ca. 2	
Tilløpsrøyr, diameter	mm	400 og 315	
Tilløpsrøyr, lengde	m	1550	
Maksimalt tal smolt	stk.	14 mill.	1120 tonn fisk per år

MAGASIN

Magasinvolum	mill. m ³	1,05
HRV	moh.	44,9
LRV	moh.	43,9

Høyringsuttalar

Søknaden er handsama etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova. Den er kunngjort og lagt ut til offentleg ettersyn. I tillegg har søknaden vore sendt lokale myndigheiter og interesseorganisasjonar, samt involverte partar for uttale. NVE var på synfaring i området den 04.10.2012 saman med representantar for tiltakshavar og kommunen. Søkjar har fått høve til å kommentere høyringsuttalane.

NVE har motteke følgjande merknader til søknaden:

Hemne kommune vurderer at sikring av minstevassføring i Belsvikbekken og fjerning av fiskesperre ikkje vil gi negative konsekvensar for økosystemet langs vassdraget eller andre allmenne interesser. Sidan det planlagde vassuttaket vil vere mindre enn tidlegare, forventar kommunen ei mindre aktiv regulering av vassmagasinet. Det vert difor forventa at tiltaket ikkje vil gi ytterlegare negative konsekvensar for hekkesuksessen til storlom. Kommunen ser positivt på at dagens sommarregulering (15.6 – 31.8), som tek vare på badestranda, vert vidareført. Hemne kommune påpeikar at Heimsvatnet er reservevassskjelde/ krisevassskjelde for området, men vurderer at tiltaket ikkje kjem i konflikt med kommunen sine interesser i vassdraget.

Fylkesmannen i Sør-Trøndelag meiner det er positivt at søkjar ynskjer å gjenopne vassdraget for fiskevandringar, noko som på sikt kan betre dei økologiske forholda i vassdraget. Det må setjast konsesjonsvilkår som sikrar vandringsvegen for fisk. Det er viktig å syte for at det finnast opne og effektive vandringsveggar heile året. Vandringsvegen må også fungere for ål. Fylkesmannen viser til at regulering av Heimsvatnet i verste fall kan verke ekskluderande på hekking av storlom, og rår til at det gjennom konsesjonen vert pålagt avbøtande tiltak for å oppretthalde hekkemoglegheit for storlom. Fylkesmannen føreset at kantskogen og den rike sumpskogen langs vassdraget vert oppretthalden i den grad det er mogeleg.

Søkjar sine kommentarar til høyringsuttalane

Søkjar har i e-post av 11.10.2012 meddelt at dei ikkje har kommentarar til høyringsuttalane.

Tilleggsopplysningar og kommentarar til desse

Det er elvemusling i Åelva (Røsta) som ligg berre ca. 2 km unna Heimsvassdraget. NVE etterspurte difor ei avklaring av om det er elvemusling i vassdraget. NVE fikk i e-post av 15.11.12 tilsendt rapport frå kartlegging av elvemusling i Heimsvassdraget, utført av Aqua kompetanse AS. I rapporten vart det konkludert med følgjande:

"Det ble ikke funnet individer av elvemusling i noen av bekkene. Det ble tatt ut 10 stk ørret yngel (Salmo trutta) fra hver bekk for å se etter elvemuslinglarver på gjellene til fisken. Det ble ikke funnet muslingslarver på noen yngel. Ut i fra dette konkluderer vi med at det sannsynligvis ikke er bestander av elvemusling i bekkene tilknyttet Heimsvannet. Det ble registrert et individ av rødlistearten ål (Anguilla anguilla) i Belsvikbekken."

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) sine merknader

Om søkjar

Søkjar er Lerøy Midnor AS, som er eit integrert havbruksselskap frå smoltproduksjon til vidareforedla produkt. Lerøy Midnor AS har saman med Lerøy Hydrotech AS, 10 settefiskanlegg, 54 matfiskkonsesjonar for laks, slakteri og foredlingsanlegg i Midt-Norge.

Om søknaden

Lerøy Midnor AS nyttar i dag Heimsvatnet som vasskjelde til produksjon av settefisk ved sitt anlegg på Belsvik. Uttaket har ikkje konsesjon etter vassressurslova. Lerøy Midnor AS skal utvide produksjonen av settefisk frå 1 mill stk. smolt til 14 mill smolt (1120 tonn). Settefiskanlegget skal nytte resirkuleringsteknologi som gjer at utvidinga ikkje vil føre til auka uttak av vatn. Det vert søkt om løyve etter vassressurslova § 8 til eit gjennomsnittleg vassuttak på 3 m³/min (50 l/s) og eit maksimalt vassuttak på 13 m³/min (216,7 l/s). Det vert også søkt om å regulere Heimsvatnet 1 m, mellom HRV på kote 44,9 og LRV på kote 43,9. Dette svarar til dagens regulering av vatnet.

Skildring av området

Nedbørfeltet til Heimsvatnet er 10,6 km². Ned til Heimsvatnet drenerer det i hovudsak to større bekkar, Gaupdalsbekken og Heimdalsbekken. Ut frå Heimsvatnet til sjø renn Belsvikbekken. Terrenget på vestsida av Heimsvatnet er relativt flatt og dominert av jordbruk og noko myr. På nord og sørsida er areala skogkledde og brattare. Her stig terrenget opp mot 380 moh. i nord, og til kring 580 moh. i sør. Langs austsida av Heimsvatnet er det lengre samanhengande område med sandstrand, medan terrenget lenger aust består i hovudsak av myrområde.

Eksisterande inngrep i vassdraget

Settefiskanleget tar i dag vatn frå Heimsvatnet. Ved utløpet i vest er det bygd ein enkel dam av tre. Etter avtale med grunneigarar i området har vatnet vore regulert opp med maksimalt 40 cm og ned med maksimalt 60 cm, altså ei regulering mellom HRV 44,9 og LRV 43,9. Inntaket til settefiskanlegget ligg i sørvestenden, ca. 150 meter ut i vatnet. Det er to bruer på offentleg veg som kryssar over Belsvikbekken, under begge bruene renn elva i kulvert. I tillegg går det offentlege vegar rundt Heimsvatnet. Ein del av arealet vest for Heimsvatnet vert nytta til jordbruk. Hemne kommune

leiger delar av strandområdet langs austsida av vatnet, og området er tilrettelagt for ålmenta. Ved stranda er det etablert toalettanlegg, grasplen, og sti med bruer.

Teknisk plan

Fysiske tiltak

Det vert søkt om å regulere Heimsvatnet med 1 meter, mellom HRV på kote 44,9 og LRV på kote 43,9. Naturleg vasstand er på kote 44,55. Reguleringa det vert søkt om tilsvare dagens regulering av vatnet.

Eksisterande inntak skal nyttast slik som i dag. Det er planlagt å bygge ny dam for å imøtekomme krav til minstevassføring.

Eksisterande røyrgate skal nyttast slik som i dag. Røyra er grave ned og synast ikkje i terrenget. Det er ikkje planlagt å byggje nye vegar.

Massetak og deponi

Det er ikkje planlagt massetak eller deponi i samband med tiltaket.

Hydrologisk grunnlag

Settefiskanlegget nyttar eit nedbørfelt på 10,6 km² ved inntaket og middelvassføringa er berekna til 413 l/s. Effektiv innsjøprosent er på 9,9 %. Vassdraget har dominerande flaumperiodar om hausten og om vinteren, men flaum kan opptre heile året. Lågaste vassføring opptre gjerne om sommaren. 5-persentil sommar- og vintervassføring er berekna til høvesvis 53 og 64 l/s. Alminneleg lågvassføring for vassdraget ved inntaket er berekna til 58 l/s. Gjennomsnittleg vassuttak over året er 3,0 m³/min (50 l/s). Resirkuleringsanlegget sin samla kapasitet er 5 m³/min. Maksimalt uttak frå Heimsvatnet til settefiskanlegget er 13 m³/min (216,7 l/s). Det er foreslått å sleppe ei minstevassføring på 3,48 m³/min (58 l/s) heile året. Dette tilsvare alminneleg lågvassføring.

Arealbruk og eigedomsforhold

Det skal ikkje gjerast endringar på eksisterande infrastruktur. Magasinet i Heimsvatnet, røyrtrase og vegar vert liggjande som før.

Belsvik Fisk AS har inngått avtale om å nytte vatnet, med dei grunneigarar som har fallrettar og reguleringsrettar i Heimsvatnet. Denne avtalen ga Belsvik Fisk og framtidige eigarar rett til å tappe vatn frå Heimsvatnet via eksisterande røyranlegg, samt å regulere vatnet til bruk i settefiskanlegget.

Forholdet til offentlege planar

Kommuneplan

Området for settefiskanlegget er i Hemne kommune sin arealplan regulert til næringsføremål. Utbyggingsplanane er godkjent etter plan- og bygningslova. Heimsvatnet ligg i kategorien "Ferdsl, fiske, natur og friluftsområde (FFNF) i Hemne kommune sin arealplan. Austsida av vatnet er regulert til friområde (badestranda).

Verneplan for vassdrag

Vassdraget er ikkje verna.

Inngrepsfrie område (INON)

Tiltaket fører ikkje med seg nye tyngre tekniske inngrep, og vil derfor ikkje redusere inngrepsfrie naturområde.

Nasjonale laksevassdrag

Vassdraget er ikkje eit nasjonalt laksevassdrag.

Verknader av tiltaket - fordelar og skader/ulempar

Nedanfor har vi gjeve ei oversikt over kva NVE ser som dei viktigaste fordelane og skadane/ulempene ved den planlagde utbygginga:

Fordelar

- Overgang til eit resirkuleringsanlegg, med mindre regulering av Heimsvatnet og slepp av minstevassføring, vil vere positivt for verdiar knytt til biologisk mangfald, landskap og friluftsliv
- Etablering av resirkuleringsanlegg vil sikre lokale arbeidsplassar og verdiskaping
- Tiltaket vil gi auka produksjon og leveringskapasitet av smolt utan å auke vassforbruket

Ulemper

- Sjølv om det skal sleppast minstevassføring og tiltaket vil føre til mindre regulering av Heimsvatnet enn tidlegare, kan varierende vasstand i Heimsvatnet og redusert vassføring i Belsvikbekken framleis føre til ulempe for ålmenta med tanke på bruk av vatnet/bekken til rekreasjon og fiske

NVEs vurdering

Det planlagde tiltaket gjeld regulering og uttak av vatn frå Heimsvatnet til produksjon av settefisk. I NVE si behandling av vassuttaket vil vi vurdere uttak av vatn frå Heimsvatnet med regulering, samt inngrep i vatn/elv og terrenget fram til settefiskanlegget. Areal avsett til sjølve settefiskanlegget kjem inn under allereie vedtekne arealplanar og vert handsama etter reglane i plan- og bygningslova.

Heimsvatnet vert i dag nytta som vasskjelde til settefisk. Fysiske inngrep knytt til tiltaket, slik som inntaksarrangement og vassleidning, er allereie etablert. Moglege konsekvensar av tiltaket er difor i hovudsak knytt til regulering av Heimsvatnet og redusert vassføring i utløpsbekken frå Heimsvatnet.

Hydrologiske verknader av utbygginga

Heimsvatnet har vore nytta som vasskjelde til produksjon av settefisk med eit vassuttak på ca. $9,85 \text{ m}^3/\text{min}$ i gjennomsnitt. Det vert no søkt om løyve til eit gjennomsnittleg vassuttak på $3 \text{ m}^3/\text{min}$ (50 l/s). Overgang til resirkuleringsteknologi gjer til at det kan produserast meir fisk med eit betydeleg mindre vassuttak. Dette gjer til at det vert mindre naudsynt å tappe ned magasinet i Heimsvatnet. Søkjar ynskjer likevel å vidareføre det gamle reguleringsregimet som er avtalt med grunneigarar i området, med inntil 40 cm oppdemming og 60 cm nedtapping, dvs. mellom kote 43,9 og 44,9. Naturleg vasstand er av kommunen målt til kote 44,5. Ei regulering på éin meter vil sikre vassforsyninga dersom det oppstår ekstreme situasjonar med langvarig tørke. Det vert og søkt om eit maksimalt vassuttak på $13 \text{ m}^3/\text{min}$ ($216,7 \text{ l/s}$). Maksimalt vassuttak er tenkt nytta saman med reguleringa av vatnet som ein sikkerheit i naudsituasjonar. Ved straumbrot, feil på pumper eller andre

uføresette naudsituasjonar ynskjer tiltakshavar i ein kortare periode å kunne nytte inntil 13 m³/min inntil feilen vert retta opp.

Det vert opplyst at det vil bli mindre regulering av Heimsvatnet og at vasstanden vil ligge rundt HRV kote 44,9 store delar av året. Tidleg på vinteren samt i badesesongen blir vasstanden seinka noko. Settefiskanlegget har i perioden 15. juni til 31. august seinka vasstanden i Heimsvatnet ned til naturleg vasstand på kote 44,5. Dette er gjort for å ta vare på badestranda i austenden av vatnet. Denne sommarreguleringa ynskjer tiltakshavar å vidareføre. Hemne kommune ser positivt på at Lerøy Midnor ynskjer å vidareføre dagens sommarregulering for å ta vare på badestranda. Ei senking av vasstanden med 40 cm om sommaren gjer at tilgjengeleg magasinkapasitet vert redusert til maksimum 630 000 m³ (tilsvarar kote 44,5). Det er i søknaden berekna at vassvolumet i eit tørt år (2009) på det lågaste vil vere ca. 575 000 m³, dvs. ei nedtapping på ca. 45 cm til kote 44,45. Dette tilseier at magasinkapasiteten er god og at det framleis er ein magasinreserve på kring ein halv meter.

Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring tilsvarende alminneleg lågvassføring på 3,48 m³/min (58 l/s) heile året. Overgang til resirkuleringsanlegg vil gi eit lågare vassuttak og mindre regulering av Heimsvatnet, noko som vil gi meir overlaup/slepp av vatn frå Heimsvatnet. Slepp av minstevassføring og meir overlaup/slepp av vatn ut frå Heimsvatnet vil sikre ei stabil minstevassføring og meir vatn i Belsvikbekken i høve til dagens situasjon.

NVE vurderer at magasinkapasiteten er god og at denne saman med naturleg tilsig vil sikre stabil vassforsyning gjennom heile året også i tørrår.

Biologisk mangfald

Aqua Kompetanse AS har gjennomført ei kartlegging av fisk i Belsvikbekken og Heimsvatnet med innløpsbekkar. Same firma har og undersøkt om det finnast elvemusling i tillaupsbekkar og i utlaupsbekk frå Heimsvatnet. I søknaden er det elles gjort ei samanstilling av eksisterande kunnskap innan artsførekomstar, viktige naturtypar, samt status i forhold til raudlista artar. Av verdiar som vert trekte fram er observasjon av eit storlompar på hekkelokalitet ved Heimsvatnet i 2009. Det vert antatt at storlom hekkar i Heimsvatnet. I Norsk raudliste av 2010 er storlom kategorisert som nær truga (NT). Langs Belsvikbekken er det registrert naturtypen "Viktig bekkedrag" med rik sumpskog av typen gråor og hegg, lokaliteten er verdisett til lokalt viktig. Fiskeundersøkingane viser at Heimsvatnet har ein tett bestand av både aure og røye. I Belsvikbekken, og i innlaupsbekkane Gaupdalsbekken og Belsvikhaugbekken, vart det registrert låg tettleik av aure i samtlege bekkar. Det vart ikkje registrert årsyngel i nokon av bekkane. Både i Belsvikbekken og Gaupdalsbekken vart det funne ål. Ål er raudlista og vurdert som kritisk truga (CR).

Fylkesmannen rår til at det vert pålagd avbøtande tiltak for å oppretthalde eigna hekkelokalitetar for storlom. Lom hekkar nær vasskanten, gjerne på mindre holmar, og er avhengig av stabil vasstand i vatnet gjennom rugeperioden. For å ta vare på ev. hekkande storlom i Heimsvatnet må vasstanden haldast stabil i hekkesesongen for storlom (mai-juni). Det mest kritiske vil vere om vasstanden aukar og når opp i reiret. Med eit mindre vassuttak vil vasstanden truleg vere meir stabil og ligge høgt ved start på hekkesesongen. Vasstanden vil så minke når vatnet gradvis vert seinka for å nå sommarvasstanden i badesesongen (15. juni – 31. august). NVE vurderer at den tappestrategien som søkjar legg opp til, truleg vil føre til at vasstanden i Heimsvatnet i hekkesesongen for storlom (mai-juni) vil bli meir stabil.

Fylkesmannen opplyser at det tidlegare har vandra sjøaure i Belsvikbekken til Heimsvatnet, men at vassdraget i dei siste 25 åra har vore sterkt påverka av vassdragsregulering og fysiske inngrep (fiskesperre). NVE vurderer at ny driftsform med lågare vassforbruk og slepp av minstevassføring

heile året, vil gi mindre regulering av Heimsvatnet og større vassføring i Belsvikbekken. Dette vil gi betre forhold for vasstilknytte artar og moglegheit for sjøaure og ål å vandre opp i Heimsvatnet. Settefiskanlegget vil nytte seg av UV-behandling av vatnet og fiskesperre er difor ikkje naudsynt. Fiskesperre er fjerna. Ei nedtapping av Heimsvatnet på forsommaren kan nyttast til å skape lokkeflaumar med tanke på å få anadrom fisk opp i vassdraget. Ei regulering av vasstanden i Heimsvatnet må samstundes skje skånsamt for å ta vare på ev. hekkande Storlom. Ved utbetring av utlaupsdammen i Heimsvatnet er det viktig at fisk vert sikra passasje gjennom dammen. Fiskepassasje må fungere både for sjøaure og ål.

Det skal ikkje gjerast inngrep langs Belsvikbekken og den registrert naturtypen "Viktig bekkedrag" vil ikkje bli påverka av tiltaket. Det vart ikkje funne elvemusling i vassdraget og rapporten frå Aqua Kompetanse konkluderer med at det sannsynlegvis ikkje er bestandar av elvemusling i vassdraget.

NVE vurderer at slepp av minstevassføring og mindre regulering av Heimsvatnet vil vere positivt for verdiar knytt til biologisk mangfald.

Forholdet til naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova (nml) legg føringar for berekraftig bruk av norsk natur og blir lagt til grunn når NVE vurderer søknaden. For å kunne oppfylle forvaltningsmåla i §§ 4 og 5 om bevaring av artar og naturtypar er ein avhengig av eit godt kunnskapsgrunnlag. Dette vert det vist til i nml § 8 der det vert slått fast at offentlege avgjersler som påverkar naturmangfaldet skal så langt det er rimeleg bygge på vitskapleg kunnskap om art eller naturtype, samt effekten det aktuelle inngrepet vil ha. Dersom dette kunnskapsgrunnlaget ikkje er tilstrekkeleg skal ein nytte føre-var-prinsippet jf. nml § 9.

Informasjon om biologisk mangfald i influensområdet kjem fram gjennom utarbeidde rapportar, søknaden, høyringsuttalar og NVEs egne erfaringar. Ut frå dette meiner NVE at kunnskapsgrunnlaget etter naturmangfaldlova § 8 er tilstrekkeleg til å fatte vedtak, jf. at kravet til kunnskapsgrunnlag skal stå i eit rimeleg forhold til saka sin karakter og risiko for skade på naturmangfaldet.

Naturmangfaldlova § 10 fastset prinsippet om økosystemtilnærming og samla belastning. Dette inneberer at ein må ha kunnskap også om andre tiltak og påverknader på økosystemet slik at ein kan identifisere samla belastning, jf. også formuleringa i § 8 om "effekten av påvirkninger". I vurderinga av samla belastning skal det både takast omsyn til allereie eksisterande inngrep og forventa framtidige inngrep. Vi kan ikkje sjå at biologisk mangfald vert ytterlegare påverka på ein slik måte at det vil bli verknader utover influensområdet for dette prosjektet.

Tiltaket vil ha liten negativ effekt på biologisk mangfald og påverkar ingen viktige naturtypar. Dei raudlista artane knytt til vassdraget vil med stort sannsyn ikkje bli påverka i nemneverdig grad. NVE vurderer difor at tiltaket ikkje kjem i konflikt med forvaltningsmål for naturtypar, økosystem eller artar, jf. nml §§ 4 og 5.

Landskap og friluftsliv

Heimsvatnet vert nytta til friluftaktivitetar av lokalbefolkninga. Dette gjeld først og fremst fiske og bading. Det er ikkje planlagt å gjere tiltak som påverkar landskapet ut over dagens påverknad. Dagens reguleringsregime har til tider ført til at Heimsvatnet har vore maksimalt nedtappa (kote 43,9). Med nytt reguleringsregime vil det bli mindre regulering av Heimsvatnet og det vert opplyst at vasstanden vil ligge rundt HRV (kote 44,9) store delar av året. Tidleg på vinteren samt i badesesongen blir vasstanden seinka noko. Ei mindre aktiv regulering av Heimsvatnet vil redusere dei negative verknadane knytt til landskap og friluftsliv.

NVE vurderer at landskap- og friluftsinnteresser ikkje vil bli vesentleg påverka av tiltaket.

Kulturminne

I området nedstraums Heimsvatn er det gjort nokre registreringar av gamle gravminne. Det same gjeld for området aust for Heimsvatnet. Ingen av desse områda vil bli påverka av tiltaket. NVE vurderer at det omsøkte tiltaket ikkje vil påverke kulturminneverdiar. Vi viser elles til at tiltakshavar har ei undersøkingsplikt, jf. lov om kulturminne § 9. Dette punktet vert og fanga opp gjennom standard konsesjonsvilkår.

Vasskvalitet, vassforsynings- og resipientinteresser

Hemne kommune opplyser at Heimsvatnet er reservevasskjelde/krisevasskjelde for området. Kommunen vurderer at tiltaket ikkje kjem i konflikt med deira interesser i vassdraget. NVE kan ut frå dette ikkje sjå at tiltaket vil påverke kjente vassforsyningsinteresser.

Verknader for samfunnet

Settefiskanlegget vil i anleggsperioden skape 50-70 årsverk lokalt. I driftsfasen vil anlegget gi ein omsetnad på 80-100 millionar pr. år og skape 12-15 nye arbeidsplassar.

Oppsummering

NVE ser positivt på at dagens vassuttak vert formalisert gjennom ein konsesjonsprosess. NVE vurderer at overgang til eit resirkuleringsanlegg, med mindre regulering av Heimsvatnet og slepp av minstevassføring, vil vere positivt for verdiar knytt til biologisk mangfald, landskap og friluftsliv. Med ein produksjon av 14 mill. smolt vil anlegget gi eit betydeleg bidrag til produksjon av smolt i regionen/landsdelen. NVE meiner at det verken i søknaden eller i høyringsuttalane er kome fram noko som tilseier at tiltaket vil ha vesentlege ulemper for allmenne eller private interesser.

NVEs konklusjon

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne uttalane meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Lerøy Midnor AS løyve etter vassressurslova § 8 til regulering og uttak av vatn frå Heimsvatnet. Løyvet vert gjeve på nærare fastsette vilkår.

Dette vedtaket gjeld berre løyve etter vassressurslova.

Merknader til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova

Post 1: Reguleringsgrenser, vassuttak og slepp av vatn

Reguleringsgrenser

Det vert søkt om å vidareføre dagens regulering av Heimsvatnet mellom HRV på kote 44,9 og LRV på kote 43,9. Dette tilsvarer 40 cm oppdemming og 60 cm nedtapping ut i frå naturleg vasstand på kote 44,5.

Storlom hekkar truleg langs vasskanten ved Heimsvatnet. Storlom er kategorisert som nær truga (NT) i Norsk raudliste av 2010 og er sårbar for variasjonar i vasstanden i hekkeperioden. Av omsyn til storlom skal vasstanden i Heimsvatnet holdast stabil og så nært opp til høgste regulerte vasstand (HRV) som mogleg i perioden 01.05-15.06. Dersom vasstanden ikkje ligg på HRV ved inngangen til hekkeperioden så skal Lerøy Midnor gjere tiltak for å unngå heving av vasstanden under hekkeperioden, dette for å unngå at eventuelle reir vert oversvømde.

Slepp av vatn

Følgjande data for vassføring og slukeevne er henta frå konsesjonssøknaden og lagt til grunn for konsesjon gjeve av NVE og fastsetting av minstevassføring:

Middelvassføring	l/s	413
Alminneleg lågvassføring	l/s	58
5-persentil sommar	l/s	53
5-persentil vinter	l/s	64
Gjennomsnittleg vassuttak	m ³ /min	3
Maksimalt vassuttak	m ³ /min	13

Tiltakshavar har foreslått å sleppe ei minstevassføring på 58 l/s heile året. Ei minstevassføring som foreslått vil sikre vassføring i Belsvikbekken heile året og vil vere viktig med tanke på å sikre og oppretthalde biologisk mangfald knytt til bekken. NVE vurderer foreslått minstevassføring frå Heimsvatnet som tilstrekkeleg. Ut i frå dette fastset NVE ei minstevassføring på 58 l/s heile året.

Det skal etablerast ein måleanordning for registrering av minstevassføring. Den tekniske løysinga for dokumentasjon av slepp av minstevassføring skal godkjennast gjennom detaljplanen. Data skal leggjast fram for NVE på førespurnad og oppbevarast så lenge anlegget er i drift.

Ved alle stader med pålegg om minstevassføring skal det setjast opp skilt med opplysningar om bestemmingar kring slepp av vatn som er lett synleg for allmennheita. NVE skal godkjenne merking, utforming og plassering av skilta.

Vassuttak

Røyrkapasiteten frå Heimsvatnet til settefiskanlegget er 13 m³/min (216,7 l/s). Maksimalt vassforbruk er av søkjar sett til 13 m³/min. Største vassuttak er tenkt nytta i naudsituasjonar (straumbrot, feil på pumper eller anna uføresett) i ein kortare periode inntil feilen vert retta opp. Gjennomsnittlig behov er sett til 3,0 m³/min (50 l/s).

Planlagt vassuttak (ferskvatn)

Månad	Planlagt vassuttak
Januar	3,30 m ³ /min
Februar	2,92 m ³ /min
Mars	2,98 m ³ /min
April	2,74 m ³ /min
Mai	2,81 m ³ /min
Juni	3,28 m ³ /min
Juli	2,79 m ³ /min
August	2,93 m ³ /min
September	2,95 m ³ /min
Oktober	3,13 m ³ /min
November	3,14 m ³ /min
Desember	2,92 m ³ /min
Gjennomsnitt:	3,00 m ³ /min

Det skal monterast vassmålar i settefiskanlegget for dokumentasjon av vassforbruket. Dette for at NVE skal kunne kontrollere forbruk i ettertid. Det er selskapet sitt ansvar å sjå til at vassforbruket er i samsvar med det uttaket og den reguleringshøgda løyvet gir rom for.

Post 4: Godkjenning av planar, landskapsforhold, tilsyn m.v.

Det er planlagt å bygge ny dam ved utlaup i Heimsvatnet for å imøtekomme krav til minstevassføring. Ved utbetring av utlaupsdammen skal vandringsvegen for fisk oppretthaldast. Fisk skal kunne passere over/gjennom dammen ved oppvandring og nedvandring, i perioden 1.4-30.11. Fiskepassasjen må fungere både for aure/sjøaure og ål.

Dersom det vert naudsynt med nye fysiske vassdragsanlegg og hjelpeanlegg eller utbetring av eksisterande, skal planar for dette godkjennast av NVE før arbeidet kan settast i gong. Mindre endringar kan godkjennast av NVE som del av detaljplangodkjenninga. Detaljerte planar skal leggjast fram for NVE sitt regionkontor i Trondheim og godkjennast av NVE før arbeidet startar.

Post 5: Naturforvaltning

Vilkår for naturforvaltning blir teke med i konsesjonen sjølv om det i dag synast lite aktuelt å pålegge ytterligare avbøtande tiltak. Eventuelle pålegg i medhald av dette vilkåret må vere relatert til skadar forårsaka av tiltaket og stå i rimeleg forhold til storleiken og verknader av tiltaket.

Post 6: Automatisk freda kulturminne

NVE føreset at utbyggjar tar den nødvendige kontakt med fylkeskommunen for å klarere forholdet til kulturminnelova § 9 før innsending av detaljplan. Vi minner vidare om den generelle plikta om aktsemd med krav om varsling av aktuelle instansar dersom ein støyter på kulturminne i byggjefasen, jf. kulturminneloven § 8 (jf. pkt. 3 i vilkåra).

Post 8: Tersklar m.v.

Dette vilkåret gjev heimel til å pålegge konsesjonær å etablere tersklar eller gjennomføre andre biotopjusterande tiltak dersom dette skulle vise seg å vere nødvendig.

Andre merknadar

”Forskrift om saksbehandling og kontroll i byggesaker” gjev saker som er underlagt konsesjonsbehandling etter vassressurslova fritak for byggjesaksbehandling etter plan- og bygningslova. Dette føreset at tiltaket ikkje er i strid med arealdel i kommuneplan eller gjeldande reguleringsplanar. Forholdet til plan- og bygningslova må avklarast med kommunen før tiltaket kan setjast i verk.

Forholdet til EU sitt vassdirektiv i konsesjonshandsaming hjå sektormyndigheita

NVE har ved vurdering av om konsesjon skal gjevast etter vassressurslova § 8 føreteke ei vurdering av krava i vassforskrifta (FOR 2006-12-15 nr. 1446) § 12 vedrørande ny aktivitet eller nye inngrep. I dette tilfellet er det ikkje snakk om verken ny aktivitet eller nye inngrep. Overgang til ny teknologi gjer til at det truleg vil bli mindre aktiv regulering av Heimsvatnet. Vassuttaket og reguleringa har ikkje tidligare hatt løyve etter vassdragslovgivinga. Eit løyve frå NVE etter vassressurslova vil innehalde ein del vilkår som på ein god måte vil sikre det biologiske mangfaldet i vassdraget, og såleis medverke til at kravet om god økologisk tilstand i den påverka delen av vassdraget vert innfridd. Ein konsesjon etter vassressurslova gir NVE heimel til å føre tilsyn med at vilkår som reguleringshøgder og minstevassføring vert overhalde.

NVE har vurdert alle tiltak som praktisk let seg gjennomføre for å kunne redusere skadar og ulemper ved tiltaket. NVE har sett vilkår i konsesjonen som ein vurderer eigna for å avbøte ei negativ utvikling i vassførekomsten. I vilkåra er det inkludert krav om minstevassføring og standardvilkår som etter post 5 i vilkåra gjev vassdragsmyndigheitene, herunder DN/Fylkesmannen, høve til å gje pålegg om tiltak som seinare kan betre tilhøva i det berørte vassdraget. NVE har vurdert samfunnsnyttan av inngrepet til å vere større enn skadane og ulempene ved tiltaket.